

Målbruksplan

Radøy kommune




Foto: Anne Kolstad Morken

Vedtatt i kommunestyret 27. september 2012



RADØY
den grønne øya

Å vera merksam på korleis ein nyttar eige språk og korleis det vert oppfatta hjå mottakaren, er første skritt på vegen mot eit godt, klart og korrekt språk. Ein målbruksplan set språkbruk og –spørsmål på dagsordenen, og skal slik medverka til meir medvitne haldningar til språk og dialekt hjå tilsette og politikarar.

Historisk bakgrunn

Alt i 1879 vedtok stortinget at undervisninga i norsk skulle gå føre seg på ”børnenes eget talemål”. Seinare, i 1885, gjorde stortinget vedtak om jamstelling mellom riksmål og landsmål. Målparagrafen frå 1892 slo fast at kvart skulestyre sjølv kunne avgjera om dei ville bruka landsmål eller riksmål i skulen.

Det gjekk likevel ei tid før alle skulekrinsane i det som i dag er Radøy gjekk over til landsmål. Landsmålet stod sterkast i Sæbø, der alle krinsane tidleg gjekk over til landsmål innan 1909. Andre stader var motstanden sterkare, som i Haugland krins, der landsmålet ikkje vart innført før i 1937.

I 1930 kom Lov om målbruk i statstenesta, som jamstelte nynorsk og bokmål i statstenesta. I 1933 er alle kommunane som hadde fatta vedtak om målform med bakgrunn i denne lova lista opp, og både Manger, Sæbø og Hordabø kommunar er blant desse. Desse tre kommunane vart slått saman til Radøy kommune i 1964, saman med ein del av tidlegare Austrheim og Lindås kommunar. I sak 68 i 1967 vedtok kommunestyret i Radøy at tenestemålet skal vera nynorsk.

Mållova av 1930 vart i 1980 erstatta med Lov om målbruk i offentleg teneste (lov av 11. april 1980 nr. 5), og det er denne som gjeld i dag. Denne lova fører vidare jamstillingsvedtaket frå 1885 og ordninga med at eit kommunestyre kan gjera vedtak om å krevja ei viss målform i skriv frå statsorgan til kommunen, eller gjera vedtak om at kommunen er språkleg nøytral.

Radøy kommune har vore medlem av Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) frå starten i 1993.

Språkpolitiske mål

Skriftspråket som skal nyttast i Radøy kommune er nynorsk, etter vedtaket i kommunestyret. Språket må vera så godt og variert som mogeleg, og samstundes enkelt, klart og brukarvenleg. Likeins ønskjer me at det vert nytta høfleg tildale og eit skriftmål som ligg nær opp til god, offentleg nynorsk.

Kommunen skal i hovudsak nytta ei konsekvent språklinje og godkjent nynorsk. Der det finst valfrie former, bør me velja den forma som ligg nærast radøydialekten. Ei tilråding om kva formar som bør nyttast, er teke med i vedlegg 1.

Me bør bruke vanlege, norske ord i staden for framandord og utanlandske ord, så sant det let seg gjera. Dette gjeld også innan fagterminologi. Lokale ord og uttrykk som er i vanleg bruk i kommunen, bør brukast.

Dialekten er ein særst viktig del av den lokale kulturarven. Kommunen ser det derfor som ei sentral oppgåve å verne om dialekten gjennom levande bruk og ei bevisst utvikling.

Mykje av grunnlaget for talemålet til borna vert i dag lagt i heimane, nærmiljøet, barnehagane og skulane. Det er derfor ei viktig oppgåve å gjera desse medvitne om bruk dialekt og nynorsk. Særleg er åra i barnehagen og dei første åra i grunnskulen avgjerande. §40 i lov om grunnskulen seier at læraren i ordtilfang og uttrykksmåte skal ta omsyn til talemålet til elevane. På liknande vis må dei tilsette i barnehagane ta dei same omsyna.

Tiltak

1. Informasjon

- I alle utlysingar skal det stå at tenestemålet i kommunen er nynorsk.
- Alle som vert tilsette i kommunen skal få informasjon om språkbruk i kommunen.

2. Opplæring

- Tilsette skal få tilbod om kurs og rettleiing i nynorsk språkbruk. For sakshandsamarar og leiarar vert slike kurs obligatoriske.
- Tilsette i skular og barnehagar skal gjera seg kjende med dei lokale tilhøva når det gjeld språkformer, dialekt og lokal kultur.
- Alle einingar skal gjera seg kjende med nynorskterminologi innan sine fagfelt, og formidla dette vidare i organisasjonen.

3. Hjelpemiddel

- Målbruksplanen skal vera tilgjengeleg på kommunen sine nettsider.
- Alle tilsette skal vera kjende med nynorskordlista på internett (<http://nob-ordbok.uio.no>).
- Alle tilsette skal vera kjende med språkrådet sine nettsider om skrivereglar og grammatikk.
- Nynorsk rettskriving skal vera installert på alle datamaskiner.
- Dei tilsette skal kunna få sakkunnig hjelp i språkspørsmål. I administrasjonen skal det vera ein kontaktperson som skal vera rådgjevar i slike spørsmål.

4. Profilering

- Nynorsk skal brukast i all profilering av kommunen.
- Nynorsk skal brukast i alle trykksaker, annonsar, plakatar, nettsider og liknande.

5. Materiell

- Radøy kommune skal arbeida for at alle skjema, fakuraer, blankettar og liknande skal vera tilgjengelege på nynorsk.
- Biblioteket skal ha eit godt utval av skjønnlitteratur og faglitteratur på nynorsk.
- Skriftlege tilfang som blir nytta i skulane og i barnehagane, skal vera på nynorsk så lang råd er.

6. Skular og barnehagar

- Skular og barnehagar skal i størst mogleg grad bruka bøker, songar, rim og reglar på nynorsk i leik og opplæring.
- Tilsette i skular og barnehagar skal oppfordra borna til å lesa bøker på nynorsk, og foreldra til å lesa nynorskbøker for borna.
- Elevar på ungdomsskulen skal årleg oppleva forfattarbesøk av nynorskforfattarar eller få tilbod om å delta i eit nynorsk litteraturprosjekt.
- Årleg arrangera nynorsk skrivekonkurranse for skuleelevar i samarbeid med Radøy bibliotek, Radøy mållag og andre aktuelle samarbeidspartnarar.

7. Stadnamn

- Bustadområde, vegar og andre stadnamn skal få lokale namn som byggjer på lokal namnetradisjon.

8. Samarbeid

- Radøy kommune skal vera medlem av Landssamanslutninga av nynorskkommunar.
- Radøy kommune skal samarbeida med Radøy mållag for å fremja nynorsk i kommunen.
- Kommunen skal arbeida for å få til eit samarbeid med dei næringsdrivande i kommunen om å drive god språkrøkt i lysingar, skilting og anna marknadsføring.

Vedlegg: Tilråding om val av former i skriftleg språk

Kommunen skal i hovudsak nytta ei konsekvent språklinje, og alt som kommunen produserer av av brev skriftleg materiale bør vera innanfor læreboknormalen eller godkjent nynorsk. Der det finst valfrie former, bør me velja den forma som ligg nærast radøydialekten. Lokale ord og uttrykk som er i vanleg bruk i kommunen, bør også brukast.

Nokre tilrådingar:

- A-infinitiv (gjera, vera, stadfesta og ikkje gjere, vere eller stadfeste).
- ”Me” og ikkje ”vi”.
- ”No” og ikkje ”nå”
- Bruk ”Verta, vert, vart, har vorte” eller ”Bli, blir, vart, har vorte”. “Blei” i preteritum og “har blitt” i presens perfektum bør ikkje nyttast.
- Unngå det upersonlege ”ein”. Bruk ”eg” eller ”me” i staden.
- Bruk norske ord i staden for framandord, så sant det let seg gjera.
- Ordrekkjefølgja bør vere mest mogleg som i vanleg talemål.
- Unngå ”substantivsjuka”, t.d. ”Kommunestyret gjorde tilrådinga frå rådmannen til gjenstand for ei grundig drøfting.” Skriv i staden ”Kommunestyret drøfta tilrådinga frå rådmannen”.
- Bruk dobbel bunden form, t.d. ”Det vedteke budsjettet” og ikkje ”Det vedteke budsjett”.
- Unngå ord som byrjer på an- og be-, og ord som sluttar på -het og -else.